

Haust 2019 Norsk, heimeeksamen, allmenn tekst

Val av ei omsetjing heng alltid tett saman med vurderingar knytt til det konkrete oppdraget for omsetjinga (*translation brief*). Difor følgjer her presentasjon av eit tenkt oppdrag for omsetjinga av utdraget som følgjer, henta frå nettsida http://www.norgeskirker.no/wiki/Voss_kyrkje

Translation brief: Teksten skal omsetjast til fleire språk og inngå i brosjyrar om kyrkjebygg og heilagstader i Hordaland, berekna på turistar.

Voss kyrkje er ei steinkyrkje frå mellomalderen, vanlegvis datert til 1271 med bakgrunn i Magnus Lagabøtes brev til vessene der han takkar for at dei byggjer kyrkje i stein og ikkje i tre. Det går fram av brevet at far hans, Håkon IV (den gode), hadde gjeve dei det rådet at dei skulle byggja ei steinkyrkje. Bygginga har vore godt i gang då Magnus skreiv brevet, men kan ikkje har vore fullført, ettersom det også går fram at dei kan få bruk for meir hjelp til oppføringa.

Kyrkja på Voss ligg sentralt, og tettstaden er bygd opp omkring henne. Skal ein gjennom bygda, må ein svinga rundt kyrkja. Austfrå er kyrkja fokuspunkt frå Vangsgata, hovudgata i bygda. Dei som kjem vestfrå på hovudvegen på nordsida av Vangsvatnet, møter vestfasaden under det store, tunge og mørke tårnet, eit tårn som står som eit samlande punkt for dalar og fjellsider som omkransar det vide bygdelaget.

Vangskyrkja, som kyrkja også vert kalla, er ei stor steinkyrkje som vart vigsla til erkeengelen Mikael då ho vart oppført på 1270-talet, om lag 250 år etter at Olav Haraldsson (den heilage) skal ha vore på Voss og fått vessene til å ta ved kristendommen. Sjøraust for kyrkja står framleis ein kross som er sett i samband med denne vitjinga og som vert kalla *Olavskrossen* [...].

Ein av dei som var prost på Voss, Gert Miltzow, har skrive ned ei mengd opplysningar om kyrkja, og hans Prestehistorie har vi enno. [...]

Det er også gjennom Milzows skriv vi kjenner til brevet frå Magnus Lagabøter til vessene – eit brev som både har gjeve oss ei datering av kyrkja og som fortel meir om den statusen kyrkja har hatt då ho vart oppført. Brevet er skrive i desember i 1271, og kyrkja var då under oppføring. [...]

Det har vore halde fram at denne kyrkja, som ut frå opplysningane knapt kan ha vore ferdig før nærare 1280, ikkje kan ha vore den første kyrkja på Voss. Vossavangen har etter det ein veit vore kultstad og tingstad langt attende, og ein reknar med at tidlegare kyrkje(r) har stått på den same tomte som steinkyrkja. [...]

Etter midten av 1800-talet vart dei fleste kyrkjene kjøpte opp av kommunane. Det vart etter lovvedtak i 1851 krav til storleiken i kyrkja, og dette førde mange stader til eit press på kyrkjeiegarane om nybygging eller i alle fall store og kostnadstunge tiltak, noko som dei naturleg nok kvitte seg for. I 1861 vart likevel nye vindauge sette inn i heile kyrkja og det vart bygt nytt våpenhus. Kyrkja på Voss vart vedteken kjøpt attende til kommunen frå privateiga i 1863.

I samband med at kommunen overtok kyrkja vart det i perioden 1866-75 sett i verk fleire tiltak som ein lenge hadde sett på som nødvendige.

Særleg i 1875 vart det gjennomført store endringar etter plan av Chr. Christie og med arkitekt Møller som utførande arkitekt. Arbeidet førte med seg at nye og større vindauge vart brotne ut i muren og tilbygg og interiøret fekk eit nygotisk preg og vart måla lyst gult.

Desse endringane førte tidleg til misnøye og det vart sett i verk ein ny omgang med endringar i 1921 etter plan og under leiing av arkitekt Georg Greve. Dette arbeidet kom til å ta lang tid, dels på grunn av dei dårlege økonomiske tidene kring 1930, dels på grunn av krigen. Restaureringa heldt fram etter 1945, då etter plan av arkitekt Georg Fischer. [...]